RENOVEST

# Protokoll

| Organ | Møtedato | Vedtak- sak nr. | Tidl. sak | O-sak nr. | Ark. |
|---|---|---|---|---|---|
| Styre | 05.11.2019 | 29 - 31 /2019 | | | |
| Representantskap | | | | | |

| | |
|---|---|
| Frammøtt | Åge Verpe (Vinje), Gunnar Eilefstjønn (Seljord), Tore Åsland (Kviteseid), Solbjørg Frantzen<br><br>Konsultativ:<br>Elsa Ann Hauglid (driftsleiar) |
| Forfall | Mona Skaufel Seltveit (Tokke), Kjersti Bergland (Fyresdal) |
| *Sak 29/2019* | **Sak 29/2019 Budsjett 2020 / Økonomiplan 2021 - 2024**<br>Framlegg til Budsjett 2020 og Økonomiplan 2021 – 2024 følgjer som eige vedlegg til møteboka. |
| *Framlegg til vedtak Sak 29/2019* | **Sak 29/2019 Budsjett 2020 / Økonomiplan 2021 - 2024**<br>Styret tek Budsjett 2020 og Økonomiplan 2021 – 2024 til vitande. |
| *Vedtak Sak 29/2019* | **Sak 29/2019 Budsjett 2020 / Økonomiplan 2021 - 2024**<br>Styret godtek den overordna oppbyggjing av budsjett og økonomiplan med tilhøyrande planer for investeringar.<br>I tidsperioden mellom utarbeiding av det framlagte budsjett/økonomiplan er det kome til førehald som påverkar dei endelege økonomiske planane (dette etter melding frå dagleg leiar), og ny handsaming av revidera framlegg til budsjett/økonomiplan vil finne stad i ekstraordinært styremøte den 3. desember -19<br><br>Hovudsaker som m.a. er orsak til justering av budsjett/økonomiplan er flg. endringar i/med:<br>a) Renovasjonsordninga<br>- asfalt/reasfaltering ved hovudmottaket<br>- utbyggjingstakt vedk. hyttereturpunkt<br>- sorteringsmaskin alt. papp-/plastpresse<br>b) Slam / føresetnadar for slamhandtering ved eige mottak<br>- overtaking av slammottak (anlegg)<br>- overtakelse av maskiner ved slammottaket<br>- tilleggsareal ved slammottaket<br>c) Framdrift i utbyggjingsplanar / hytterenovasjon<br>Styret ønskjer innsyn i eit «planverk» for og ein framdriftsplan (tidfesta) for utbyggjinga av returpunkt (hytterenovasjon) i regionen. |

| | |
|---|---|
| *Sak 30/2019* | **Sak 30/18 Lønsoppgjer 2019 / regulering av godtgjersle til dagleg leiar 2019**<br><br>1. Verksemda er «organisera» gjennom KS Bedrift, og tariffinformasjon til bedrifter som følger Bedriftsavtalen dannar basis for lønsoppgjeret i verksemda.<br><br>Informasjon om resultatet av årets lønsoppgjer vart slik:<br><table><tr><th>Lønsgrupper</th><th>Gen. tillegg</th><th>Lokalt tillegg</th><th>Pst. tillegg</th></tr><tr><td>Gr. 1</td><td>33 480</td><td>64 800</td><td>4,1%</td></tr><tr><td>Gr. 2</td><td></td><td>49 080</td><td>8,1%</td></tr><tr><td>**Samla tillegg**</td><td>**33 480**</td><td>**113 880**</td><td></td></tr></table><br>Lønsauke gjennomsn. (totalt): 5,0 %<br><br>2. Regulering av godtgjersle til dagleg leiar 2019 |
| *Framlegg til vedtak Sak 30/2019* | **Sak 30/18 Lønsoppgjer 2019 / regulering av godtgjersle til dagleg leiar 2019**<br>1. Styret tek informasjonen om årets lønsoppgjer til vitande<br>2. Regulering av godtgjersle til dagleg leiar 2019<br>Av «habilitetsgrunnar» er det ikkje framlegg til vedtak i dette punktet. |
| *Vedtak Sak 30/2019* | **Sak 30/18 Lønsoppgjer 2019 / regulering av godtgjersle til dagleg leiar 2019**<br>1. Styret tek informasjonen om årets lønsoppgjer til vitande<br>2. Regulering av godtgjersle til dagleg leiar 2019<br>Årsgodtgjersle/-løn for 2019 til dagleg leiar regulerast med eit tillegg stort 4% i høve tilsvarande godtgjersle for 2018.<br>Tillegget har effektiv verknad frå 1. mai 2019 / etterbetaling skjer ved lønsutbetaling november/-19.<br>Dagleg leiar var ikkje tilstades ved handsaming av denne saka. |
| *Sak 31/2019* | **Sak 31/2019 Eventuelt**<br>**Anbod – slamrenovasjon**<br>Ifm. evaluering og tildeling av oppdrag med slamrenovasjon informera dagleig leiar om innkome klage.<br>Ved tilbodsfristen den 4. 10. 2019 var det registrera to tilbyderar, og ein av desse har klaga på tildelinga.<br>Styret får tilsendt aktuell dokumentasjon i saka.<br><br><u>Protokolltilførsel frå styreleiar:</u><br>*Styret vart informera om tilbodskonkurransen på slamrenovasjon. Det var to tilbydarar som levera tilbod og etter vurderingar frå administrasjonen og innkjøpskontoret vart ikkje lågaste tilbydar valgt. Tapande part klaga på avgjersla men fekk ikkje medhald. Det er varsla vidare klage til KOFA på avgjersla til Renovest, men dagleg leiar er ikkje kjent med at det er levera klage. Det er inngått kontrakt med part som vart innstilt. Styret ber om ei brei orientering om saka på neste styremøte tysdag 3.desember* |

Komande styremøte(r): 3. desember 2019 (ekstraord.)
9. alt. 13. desember 2019 (formøte til repr.skapsmøte)

*Kvityeseid, den 05.11.2019*

____________________
Åge Verpe
Styreleiar

_________________________
Gunnar Eilefstjønn
Nestleiar

___________________
Solbjørg Frantzen
Varamedlem

____________________
Tore Åsland
Styremedlem

__________________
Toralf Orekåsa
Sekretær / dagleg leiar